

42°C gullfeber

Gyldne skattar skal opp av jorda. Ikkje i Klondike, men i Hå og Klepp. Og motivasjonen er edlare enn onkel Skrues.

LEIF TORE SÆDBERG | tekst
lts@jbl.no

LOKALT GULLRUSH: Det sjeldne, gyldne metallet har til alle tider vore høgt verdsett, og gjeve krone- og dollarteikn i auga til meir eller mindre heiderlege personar. I helga skal rikdommen opp i dagen i Hå og Klepp. Men medan ein ungdommeleg Skrue McDuck snusa, bokstaveleg tala, opp gullet i iskalde og segnomsuste Klondike på slutten av 1800-talet, skal no meir moderne hjelpemiddel takast i bruk.

Skattejakt

Pipande detektorar handtert av Rygene Detektorklubb skal finna godsaker frå særst gamle dagar i molda i dei to jærkommunane. Frå i morgon til sundag leitar dei lidenskapelege metallsjøklarane etter skattar som er nærare to tusen år gamle. Og i motsetning til den griske anda frå Andeby, som hakka opp jorda for eiga vinning og som grunnlag for ein sprekkeferdig pengebinge, er føremålet her meir edelt. Men entusiasmen er absolutt på plass.

– Veldig spanande. Klubben vår består av personar med lidenskapeleg interesse for arkeologi og historie, fortel Morten Eek, presseansvarleg i Rygene Detektorklubb.

I Rygeneundersøkelsen 2012 - Lysglimt i den jærsk mold, skal jordbruksområde rundt Hå gamle prestegard, Obrestad og Vadland i Hå, samt Anda i Klepp, gjennomskjast av over 20 detek-

FAKTA

RYGENE DETEKTORKLUBB

- Etablert i 2006 av John Kvanli og Morten Eek, med sete i Stavanger.
- 27 medlemmar frå Noreg, Danmark og Sverige.
- Samlingsstad for metallsjøklarar med interesse for historie og arkeologi.
- Eit viktig mål for klubben er å lokalisera og identifisera funn i pløyelaget i jordbruksland.
- Har samarbeid med fleire faglege institusjonar, mellom anna Arkeologisk museum i Stavanger og via danske medlemmar med blant andre Nationalmuseet i København.
- Har dei seinare åra hatt større undersøkingsprosjekt internasjonalt, som på Jylland i fjor.

torførerar frå Noreg, Sverige og Danmark.

Samarbeid

Klubben består av personar som i mange år dreiv hobbyen enkeltvis, men som for seks år sidan kom saman og organiserte seg. Eitt år seinare vart klubben invitert av kollegaer i Danmark, som hadde samarbeid med fagfolk ved universitet. Ei internasjonal kopling vart etablert, og i dag har Rygene nært samarbeid mellom anna med Arkeologisk museum i Stavanger. I fjor var dei med på ei større undersøking i Danmark, og til helga kjem søklarar, som òg er medlemmar i klubben, til Jæren.

– Me vart imponert over det proffe samarbeidet dei hadde med danske fagfolk, og har etterkvart fått til eit slikt med norske fagpersonar. Sjølv om me berre er amatørar, er det viktig at arbeidet vert gjort i ei seriøs ramme.



INTERNASJONALT: Detektorklubben har internasjonale undersøkingar. Her er Morten Eek under Thy-undersøkinga ved Aggersborg på Nord-Jylland i Danmark. (Foto: Rygene Detektorklubb)



SMYKKE: Kanskje finn ein noko liknande i helga? Biletet viser eit anheng i ekte gull, 1500-1800 år gammalt, karakterisert som eit praktismykke. Funnen av Erik Alve med metallsjøklar ved Hå gamle prestegard i fjor. (Foto: Rygene Detektorklubb)

Og me er slått i bakken av mottakinga me har fått av lokale grunneigarar, fortel Eek.

Funna vert stilte ut på prestegarden laurdag og deretter tekne vare på av museet, som er rause med rosen til amatørane.

Uvurderleg

– Rygene Detektorklubb gjer ein uvurderleg jobb for oss med å undersøka stadar med moglege metallobjekt frå oldtida. Dei har god historisk innsikt og teknisk spesialkompetanse, som gjer dei til ein ressurs til oss. Me er verkeleg spente på kva dei kan finna i Hå og Klepp, seier arkeolog Olle

Hemdorff ved Arkeologisk museum i ei pressemelding.

Våren 2010 hadde klubben ei tilsvarande undersøking ved Utstein kloster og Rennesøy-området, som dei omtaler som ein stor suksess, med mange funn av mellom anna betalingsringar og smykke av gull.

Optimismen er stor framfor helga, særleg for Hå, der eit gull-smykke vart funne ved prestegarden under ein helgetur i fjor (sjå bilete).

Spanande område

– Me har lenge hatt ynskje om ei større undersøking på Jæren,

som er eit fantastisk interessant område, med rike område omtrent kor ein snur seg, seier Morten Eek.

– Kjenner de sjølv ein slags gullfeber, à la Klondike?

– Me har nok eit meir realistisk forhold til undersøkingane. Men me er privilegert som får driva med hobbyen på denne måten. Mange av gjenstandane ville med tida gått tapt om ein ikkje hadde leita etter dei. Gull klarer seg lengst, men sur nedbør og miljøgifter gjer at nedbrytinga har akselerert i moderne tid, svarer Eek.